



Arkivnr: 2014/14018-3

Saksbehandlar: Helene Moe, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

### Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer

#### Samandrag

Prosjekt Bryggen starta opp i 2000 og er eit program for sikring og istandsetting av verdsarvstaden. Midlar til Prosjekt Bryggen blir løyvd frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 79. Sidan 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele midlar til istandsetting, sikring og fellesoppgåver.

Gjeldande retningslinjer for tilskot vart handsama i sak 21/13 i kultur- og ressursutvalet og vedteke i sak 56/13 i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen fekk mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

I tre sakar i 2013 og 2014 er det sidan vedteke justeringar av punkt som gjeld sluttrapportar, forprosjekt og forundersøkingar/ detaljprosjektering:

- Sak 106/2013 i kultur- og ressursutvalet / sak 245/2013 i fylkesutvalet.
- Sak 48/2014 i kultur- og ressursutvalet / sak 82/2014 i fylkesutvalet.
- Sak 127/2014 i kultur- og ressursutvalet / sak 247/2014 i fylkesutvalet.

I Prosjekt Bryggen blir tilskot fordelt årleg, på bakgrunn av søknader for kommande kalenderår. Bygningane som det gis tilskot til er i privat eige. Tilskotsmottakarane er tiltakshavarar, og har ansvaret for framgangsmåte, framdrift og økonomistyring i tiltaka. Retningslinjene for tilskot er utarbeidde på bakgrunn av etablert praksis frå Riksantikvaren. Det er likevel trong for å presisere i retningslinjene i tilskotsordninga.

I retningslinjene er det òg behov for å justere i høve til tidsavgrensinga av det einskilde tilsegnet, slik at tidsavgrensinga er i tråd med Riksantikvarens føringar frå våren 2015. I tillegg er det behov for å presisere i høve til handsaming av for seint innkomne søknader.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 22.06.2015

Retningslinjene for tilskot i Prosjekt Bryggen slik dei blei vedtekne i sak 247/2014 i fylkesutvalet er lagt ved saka.

Lagt ved til orientering er òg retningslinjer for dokumentasjon og rapportering for istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen. I tillegg er Riksantikvarens retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 – 79, justert våren 2015, lagt ved til orientering.

Saka gjeld nokre justeringar av punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjene for tilskot.

Justeringane er gjort dels på bakgrunn av at det er behov for å presisere meir tydeleg kva som er premissene i tilskotsordninga (i denne saka gjeld det punkt 6.1 og punkt 8), og dels for å presisere korleis ein skal handtere for seint innkomne søknader (punkt 3 og punkt 7). Det er i tillegg behov for å justere i høve til tidsavgrensinga på det einskilde tilsegnet, slik at tidsavgrensinga er i tråd med føringane som er gitt frå Riksantikvaren våren 2015 (punkt 9).

### Justeringar som gjeld handteringa av for seint innkomne søknader:

#### Punkt 3:

##### Gjeldande formulering:

«Søknad sendast Kultur- og idrettsavdelinga med frist 1. november. Søknad levert etter fristen blir avvist.»

##### Justering:

«Søknad sendast Kultur- og idrettsavdelinga med frist 1. november. Fristen er absolutt, og for seint innkomne søknader blir ikkje teke med i tildelingsrunden.»

#### Punkt 7, siste avsnitt:

##### Gjeldande formulering:

«Istandsetting har høgare prioritet enn mellombels sikring, med mindre det ligg føre sikringstiltak som hastar.»

##### Justering:

«Istandsetting har høgare prioritet enn mellombels sikring, med mindre det ligg føre sikringstiltak som hastar, men for alle søknader gjeld at søknaden må vere sendt inn innan søknadsfristen, jf. punkt 3.»

### Justeringar som gjeld presiseringar av nokre av premissane i tilskotsordninga:

I Prosjekt Bryggen blir tilskot fordelt årleg, på bakgrunn av søknader for det kommande kalenderåret. Tilskotsmottakarane har ansvaret for framgangsmåte, framdrift og økonomistyring i tiltaka. Mellom anna er det tilskotsmottakarane som vel firma og/eller bestemmer timeprisen for det arbeidet som blir utført, og som definerer kva som skal utførast. Tilskotsordninga er eit tilbod, og medfører ikkje ei plikt for offentlege styresmakter til å dekke kostnadene som tilskotsmottakarane har.

I tilskotsordninga ligg det som ein premiss at eigendelen skal ta utgangspunkt i dei årlege tilskota til det einskilde tiltaket. Tilskotsmottakarar har høve til å auke eigendelen eller søke om anna ekstern finansiering, til dømes for å auke framdrifta eller redusere den økonomiske risikoen.

#### Punkt 6.1:

##### Gjeldande formulering:

«Midlane skal nyttast til naudsynte tiltak innafor tiltakskategoriene som er nemnt under pkt. 2, og som er i samsvar med overordna føremål for ordninga jfr. pkt. 1.»

Justering:

«Midlane skal nyttast til naudsynte tiltak som skal utførast det kommande kalenderåret innafor tiltakskategoriene som er nemnt under pkt. 2, og som er i samsvar med overordna føremål for ordninga jf. pkt. 1.»

**Punkt 8:**Gjeldande formuleringar:

«8.1 Det skal vere ein eigendel på minimum 10 % av kostnadene, dette gjeld òg naudsynt justering av sprinklaranlegget i samband med istandsettinga.

8.2 Kostnader knytt til fundamentering blir dekt med 100 %. Der lafteverket står på plankegolv, er plankegolvet rekna som ein del av fundamentet. Dette gjeld òg prosjektering og dokumentasjon (inklusive arkeologisk rapport) av arbeidet med fundamentering. For delrapportar/ årsrapportar som er nemnt under punkt 10, økonomisk rapportering og sluttrapportering skal det bereknast minimum 10 % eigendel.»

Justering av første setning i underpunkt 8.2, og tilføyning av eit nytt punkt som punkt 8.3:

«8.1 Det skal vere ein eigendel på minimum 10 % av kostnadene, dette gjeld òg naudsynt justering av sprinklaranlegget i samband med istandsettinga.

8.2 Kostnader knytt til fundamentering blir dekt med inntil 100 %. Der lafteverket står på plankegolv, er plankegolvet rekna som ein del av fundamentet. Dette gjeld òg prosjektering og dokumentasjon (inklusive arkeologisk rapport) av arbeidet med fundamentering. For delrapportar/ årsrapportar som er nemnt under punkt 10, økonomisk rapportering og sluttrapportering skal det bereknast minimum 10 % eigendel.

8.3 Eigendelane som er spesifiserte i punkt 8.1 og punkt 8.2 føreset at utgiftene i det einskilde kalenderåret ikkje overstig den økonomiske ramma som er gitt med tilsegnet for det aktuelle kalenderåret.»

**Justeringar som gjeld tidsavgrensinga for tiltaka:****Punkt 9:**Gjeldande formulering:

«Tilsegn blir gitt for det inneverande året, men det er høve til å søke om å få det heilt eller delvis overført til neste år. Etter to år fell tilsegnet bort.

Justering:

«Tilsegn blir gitt for inneverande år, men gjeld ut det påfølgjande året. Ved overføring av ubrukte midlar til det same tiltaket det påfølgjande året må det på førehand orienterast skriftleg til Hordaland fylkeskommune, frist for dette blir gitt i tilsegnsbrev.

Ved behov for ei forlenging av tiltaket, er det høve til å søke om å få forlenga tilsegnet om tilskot. Søknadsfristen er den same som er spesifisert i punkt 3.»